

13.05.2010

## Den mest strabasiøse dagen

**Dag nummer 18 vart den klårt mest strabasiøse for ekspedisjonen på Grønland, ettersom det bles stiv kuling trass i klår himmel.**

**Likevel klarte dei å tilbakeleggja 26 kilometer! Det var imponerande på bakgrunn av vertilhøva.**

Først måtte dei pakka om pulkane som rulla avgarde med vinden. Tyngdepunktet måtte seinkast. Hadde det vore kaldare enn 5-6 grader måtte dei ha halde seg i teltene. På grunn av den sterke vinden såg det ut som det låg tåke 2 meter opp i lufta og i pausene var det liten eller ingen kommunikasjon mellom deltakarane.

Då dei slo leir vart heile gjengen sett i arbeid med å byggja ein gigantisk mur-/levegg slik at dei kunne slå opp telta på innsida av denne. Det var stilla innanfor og fullstendig kaos på utsida! Dette arbeidet tok 2 timer og dei vart svært kalde før dei kom seg i telt. Difor vart også fellessamlinga sløyfa.

Ekspedisjonen har hatt mye bra ver og var førebudd på skikkeleg polarver nokre dagar. Ekspedisjonsleiar Bjørn fortel at det gjerne er därleg og spesielt ver i det aktruelle området. I 2009 opplevde dei regn på same plassen!

Av Ola Matti Mathisen